

SAK 02/24 FINANSIERING OG GJENNOMGANG AV INTERKOMMUNALE SELSKAP OG SAMARBEID

Saksopplysning:

Interkommunalt samarbeid er viktig for kommunane i Hallingdal og er etablert for å effektivisere, redusere sårbarheit eller auke kvalitet på tenesta. Det interkommunale samarbeidet skjer i hovudsak gjennom vertskommunesamarbeid eller interkommunale selskap.

I regionrådsmøte 15. des. kom det fram at Nesbyen kommune har fatta vedtak om innsparing på kr 300 000 på interkommunalt samarbeid, samt reduksjon på etablerertenesten på kr 90000 neste år. Dette reiser nokre spørsmål om finansiering av det interkommunale samarbeidet. I tillegg kom det fram at fleire kommunar reagerer på at interkommunale samarbeidstiltak har større budsjettvekst enn den ordinære kommunale drifta. Regionrådet fatta slik vedtak i saka:

«Regionrådet ønsker ein gjennomgang av interkommunale selskap og samarbeid på neste møte»

Saka er dermed tredelt:

1. Saka skal gje ei oversikt over dei viktigaste interkommunale selskap og samarbeid. (denne blir presentert i møte)
2. Saka skal vurdere budsjettprosessen for interkommunale samarbeid
3. Saka skal drøfte kva regionen gjer om ein av samarbeidskommunane går ut av eit regionalt samarbeid av økonomiske årsaker

I sak 30/20 vedtok Regionrådet å støtte KRU sitt forslag til budsjettprosess for interkommunale samarbeid for å hindre at interkommunale samarbeidstiltak har større budsjettvekst enn den ordinære kommunale drifta. Denne løysinga såg slik ut:

1. KRU utarbeider eit budsjetttrundskriv til interkommunale vertskommunesamarbeid, IKS eller nye samarbeidsformer etter ny kommunelov kvart år innan 15. juni.
2. Budsjetttrundskrivet skal innehalde opplysningar om forventa løns- og prisvekst, samt føringar for budsjettarbeidet. I tillegg skal rundskrivet ha følgande føringar:
 - a. Effektivisering skal være et eige punkt/ei vurdering i budsjettet
 - b. Kostnadsreduksjon på 3% av samarbeidet sitt budsjett skal synleggjeraast (ikkje innarbeidast) med ei oversikt over kva konsekvensar ein slik kostnadsreduksjon får for tenesta.
 - c. Ev. innovasjon eller nye løysingar/ordningar som har ein meirkostnad, men som fører til betre tenester og/eller kan føre til kostnadsreduksjon på andre område skal synleggjeraast, men ikkje innarbeidast i budsjett.
3. Budsjettmøte mellom leier for det interkommunale samarbeidet og KRU skal gjennomførast innan 1. september.
4. Budsjett skal sendes deltagarkommunane innan 10. september.

Vurdering

Budsjettprosess av interkommunale tiltak:

Kommunane i Hallingdal har om lag 40 formaliserte interkommunale samarbeidstiltak. Desse tiltaka er der fordi dei er vurdert som nødvendige og nyttige for kommunen og det er då viktig at finansieringa av tiltaka ligg på eit nøkternt og forutsigbart nivå som kommunane kjenner seg att i og som gjer at ein unngår utsegn som «me kuttar i eigne budsjett og aukar budsjetta i interkommunale samarbeid». I vertskommunesamarbeidet er det vertskommunen sitt budsjetttrundskriv som er gjeldande, mens i IKS tillegg er ein avhengig av regionale budsjetttrundskriv og god budsjettdisiplin ute i kvart enkelt samarbeid. Dagleg leiar meiner at budsjettprosessen som KRU foreslo i 2020, har mykje godt ved seg. For nokre samarbeid kan det likevel vera vanskeleg i ha tala klare i september og i andre tiltak som t.d barnevern kan det vera utfordrande å sette ein prosentsats på forventa auke frå år til år. Dagleg leiar meiner derfor at ein bør vurdere om budsjettprosessen slik den var foreslått i 2020, skal justerast noko eller følgjast opp betre.

Kva regionen gjer om ein kommune går ut av eit regionalt samarbeid av økonomiske årsaker

Dette kan drøftast generelt grunnlag, men ein kan også bruke eit spesifikt eksempel frå Nesbyen kommune som har vedteke ei reduksjon på kr 90000 til etablerartenesta. Kommunane står i utgangspunktet fritt til å bestemme kva samarbeid ein skal vere med på og kva ein skal gå ut av, men ofte er det tilsette knytt til tiltaket, ofte er det ei avtale med ein oppseiingsfrist og av og til gjeld avtala ei regional ordning der det vil ha store konsekvensar om ein av partane seier opp.

Generelt bør ein kommune som vurderer å gå ut av eit regionalt samarbeid drøfte det med dei andre kommunane på førehand. Då vil ein få avdekka konsekvensane av ei utmelding og ein kan saman jobbe for gode løysingar.

Når det gjeld den spesielle situasjonen Nesbyen kommune har kome i, der dei har halvert tilskotet til etablerartenesta, må ein snarast koma i dialog med dei andre kommunane, då dette vil verke inn både på den avtala Hallingdal har med fylkeskommunen og med det regionale næringssamarbeidet er i no bør det for etablerartenesta sin del.

Forslag til vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal ber kommunedirektørutvalet evaluere både gjeldande praksis og sitt eige forslag til budsjettprosess for interkommunale samarbeid i Hallingdal.
2. Regionrådet ber kommunedirektørutvalet vurdere eigarskap og deltaking i regionale samarbeid generelt og utmeldingsrutinar av spesielt.

Hallingdal, 19. januar 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar